


Trafikktryggingsplan for Giske kommune

2012 – 2024



Innhald:

1 – Forord.....	3
1.1 – Prosjektorganisering.....	4
2 – Visjonar og hovedmål	5
2.1 – Nullvisjonen	5
2.2 – Hovedmål for Giske kommune	5
2.3 – Strategiar og satsingsområdar.....	5
3 – Dagens organisering av trafikktryggingsarbeidet.....	7
3.1 – Politisk organisering	7
3.2 – Administrativ organisering.....	7
3.3 – Viktige aktørar i trafikktryggingsarbeidet	7
3.4 – Rammevilkår.....	9
3.5 – Vegnett og ansvar i Giske kommune	11
4 – Kartlegging og problemanalyse.....	13
4.1 – Politirapporterte trafikkulykker med personskade.....	13
5 – Tiltak.....	15
5.1 – Utført i førre planperiode	15
5.2 – Nye innspel frå publikum	16
5.3 – Delmål for tiltak og prioritering.....	16
5.4 – Fysiske tiltak på riksvegar	17
5.5 – Fysiske tiltak på fylkesvegar.....	18
5.6 – Fysiske tiltak på kommunevegar	21
5.7 - Fysiske tiltak ved skular	21
5.8 - Generelle fysiske tiltak – retningsliner og saksbehandling:	22
5.9 – Lokalisering, arealbruk	23
5.10 – Kollektivtransport.....	24
5.11 – Trafikkopplæring og haldningsskapande arbeid i barnehage og skule.....	24
5.12 – Kontroll og overvaking	26
5.13 – Trafikktryggingsarbeid i samband med andre planar	26
5.14 – Organisatoriske tiltak	27
5.15 – Konsekvens av planvedtaket til Miljøverndepartementet for Ålesund lufthamn, Vigra.....	27
6 – Administrative og budsjettmessige konsekvensar.....	27
6.1 - Økonomiplanen og investeringsbudsjettet Giske kommune:	28

1 – Forord

Giske kommune utarbeida i 2004 ein trafikktryggingsplan. Denne var første generasjon trafikktryggingsplan for Giske kommune og det var gjort eit omfattande arbeid med kartlegging, innhenting av data og vurdering av fysiske tiltak.

Planen skal gi ei oversikt omkring trafikktryggleiken i Giske kommune og tiltak som bør gjennomførast for å betre på desse forholda.

Planen skal også danne grunnlaget for kommunale, fylkeskommunale og statlege investeringar innan trafikktrygging i Giske kommune dei komande åra.

Trafikktryggingsplanar skal utarbeidast som ein kommunedelplan i samsvar med § 11-1 i plan- og bygningslova. Planen skal rullerast kvart 4. år og ha ein tidshorisont på 10-12 år. Tida er inne for å fornye trafikktryggingsplanen. Mange av dei fysiske tiltaka i planen frå 2004 er utført, men nokre tar vi med oss over i denne reviderte trafikktryggingsplanen for tidsrommet 2010-2022.

Utfordringane vidare blir å få dei prioritære viktigaste fysiske tiltaka finansiert og utbygde parallelt med at vi utviklar og gjennomfører haldningsskapande tiltak overfor dei mest ulukkesutsette trafikkantgruppene i Giske kommune.

Maksimal trafikktryggleik er basert på:
• Gode fysiske trafikkanlegg
• Og våre haldningar i trafikken...

Saksbehandling i sluttfasen:

Trafikktryggingsplanen lagd ut til offentleg ettersyn med uttalefrist fram til 23.12.2010.

I tillegg til annonsering og utlegging, vart brev med orientering om planutkastet sendt til:

1. Alle lag og organisasjonar som har kome med innspel.
2. Ungdomsrådet, Eldrerådet, Råd for funksjonshemma, Idrettsrådet og Friluftsrådet.
3. Alle idrettslag, velforeiningar, nærmiljøutval, barnehagar, skular og FAU.
4. Lensmannen i Giske kommune.
5. Statens vegvesen Sunnmøre distrikt.
6. Trafikktryggingsutvalet i Møre og Romsdal.
7. Trygg Trafikk Møre og Romsdal
8. Nettbuss Møre AS

◆ Planvedtak i kommunestyret den 15.02.2011.

Planen blir lagd ut på rådhuset og kan lastast ned på internetsida www.giske.kommune.no

1.1 – Prosjektorganisering

Komit  for tekniske saker i Giske vedtok i KT-sak 055/10   opprette ei arbeidsgruppe for rullering av trafikktryggingsplanen for Giske kommune.

Arbeidsgruppe:

Lars Petter Valderhaug	Giske kommune Leiar av Komit� for tekniske saker
Anita Ytterland	Giske kommune Komit� for tekniske saker
John Roald Pettersen	Giske kommune Pedagogisk konsulent og barnas representant
Sissel Fuglstad	Giske kommune Prosjektleiar og sekret�r
P�l Steinar Kringstad	Giske lensmannskontor Politibetjent
Elisabeth Mansfield	Statens vegvesen, Sunnm�re distrikt
Ann Kristin Berg	Giske kommune Folkehelsekoordinator

Framdriftsm l:

- Mai 2010: Oppstart i arbeidsgruppa .
- Juni 2010: H yring (annonse og brev til aktuelle akt rar).
- Okt. 2010: Plan for godkjenning til kommunestyret.

2 – Visjonar og hovudmål

I Nasjonal transportplan 2010-2019 har Regjeringa sett som mål å redusere talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken med minst ein tredjedel innan 2020.

2.1 – Nullvisjonen

Nullvisjonen er ein visjon om at ingen skal bli drepne eller varig skadd i trafikken. Dette inneber at transportmidlane og transportsystemet må utformast slik at dei fremmer riktig framferd og samtidig så langt mulig vernar mot fatale konsekvensar som følgje av menneskelege feilhandlingar i trafikken. Samtidig må trafikantane påverkast til sikker framferd. Nullvisjonen krev mykje av både trafikantane og dei som skal legge forholda til rette for, og følgje opp desse. Trafikktryggingsarbeidet krev derfor bruk av eit breitt spekter av tiltak og samordna innsats frå ein rekke aktørar på ulike forvaltningsnivå. Ein omfattande lokal og regional innsats vil framover være avgjørande for å nå ambisiøse nasjonale trafikktryggingsmål.

Visjonen er meint som ei felles plattform for trafikktryggingsarbeidet i departement, vegvesen, politi, kommunale - og fylkeskommunale myndigheter, organisasjoner og for den enkelte trafikant sin åtferd.

2.2 – Hovudmål for Giske kommune

1. Nullvisjonen blir lagd til grunn for trafikktryggingsarbeidet i Giske kommune.
2. Talet på trafikkkulukker skal reduserast mest mogleg i forhold til dagens nivå.
3. Tryggleiken for gåande og syklande skal aukast, i særleg grad i samband med skular og skulevegar.

2.3 – Strategiar og satsingsområdar

▪ Fartsreduserande tiltak

Tiltak som gir reell fartsreduksjon har god ulukkesreduserande effekt. Fartsreduksjon gir også redusert skadeomfang når ulukker først skjer, i tråd med nullvisjonen.

Erfaring viser at skaderisiko ved påkjørsel av fotgengjar aukar dramatisk ved fart over 40 km/t.

Nedsett fartsgrense er i mange tilfelle ikkje nok for å oppnå fartsreduksjon. Dette kan gi fotgengjarar falsk tryggleik slik at dei opptrer meir uforsiktig i trafikken enn ved høgre skilta fartsgrense. Derfor må vedtak om nedsett fartsgrense ofte følgjast opp med tiltak som gir reell fartsdemping, for eksempel fysiske hindringar, fartskontrollar og liknande.

▪ Sikring av ulukkeskryss og ulukkestrekningar

Giske kommune er den mest tettfolka landkommunen i Møre og Romsdal. I tillegg gir hovudflyplassen på Vigra ekstra stor biltrafikk på ein del av hovudvegnettet i kommunen.

Fleire av ulukkespunktene som gir størst skade synes å ligge på fylkesvegane med fartsgrenser mellom 50 – 80 km/t. Det er derfor viktig at kommunen tek ei aktiv rolle saman med Statens vegvesen for å utbetre aktuelle kryss og vegstrekningar som kjem fram av kartlegginga.

- **Sikring av skulevegar**

Det kan sjå ut til at det er få ulukker på skulevegar i Giske kommune, men kartlegginga viser at mange barn føler seg utrygge på skulevegen.

Som del av skulevegen må også medrekna områda og aktivitetane omkring transport av barna til - fra skule. Den omfattande privatkjøringa gir utrygge/trafikkfarlege situasjonar ved skulane.

- **Aktive skulebarn**

Det er klare vitskaplege bevis for at regelmessig fysisk aktivitet er positivt for normal vekst og utvikling hos barn og unge, og at fysisk aktivitet fører til betre helse. Ja, faktisk blir det hevdat at elevar som er fysisk aktive også aukar lærekapasiteten.

I tillegg kan skulevegen gi sosial kompetanse og kunnskap og holdningar til trafikken.

Redusert foreldrekjøring til/fra skulen vil også bidra til større trafikktryggleik ved skulane.

- **Trafikkundervisning**

Forsking viser at trafikkanten ofte vurderer trafikksituasjonen feil og er direkte årsak til at ulukker skjer. I tillegg til å satse på fysiske tiltak og bruk av sikkerheitsutstyr, er det svært viktig å satse på trafikkantretta opplærings- og informasjonstiltak.

Barn og ungdom er den delen av innbyggjarane som er har størst risiko for å bli skada i trafikken. Det er derfor spesielt viktig å følgje opp desse gruppene.

- **Kvalitetssikring av arealplanar**

Dei største utfordringane for trafikktryggingsarbeidet knyter seg til forhold på eksisterande vegnett. Samtidig er det klart at arealbruk og utbyggingar over tid kan medverke til at problema omkring trafikktryggleik aukar.

For å kome i forkant av slike problem må omsynet til trafikktryggleik fokuserast i Giske kommune sin planprosess på eit tidleg steg.

3 – Dagens organisering av trafikktryggingsarbeidet

3.1 – Politisk organisering

Komit  for tekniske saker (KT) har b de eit driftsmessig ansvar for det fysiske trafikktryggingsarbeidet som trafikktryggingsutval, og eit planansvar som bygningsr d i Giske kommune.

Saksbehandling - mindre trafikktryggingstiltak p  kommuneveg:

KT disponerer  rlege midlar i kommunebudsjettet som er  yremarka mindre trafikktryggingstiltak (skilting, fartshumpar mv.), gatelys, og leskur ved busshaldeplassar. Velforeiningar og andre kan  ske kommunen om gjennomf ring av mindre tiltak som vert gjennomf rt etter vedtak i KT.

Saksbehandling - st rre trafikktryggingstiltak:

St rre trafikktryggingstiltak skal normalt vere prioritert gjennom kommunen sin trafikktryggingsplan f r tiltaka blir inkludert i kommunen sin  konomiplan og kapitalbudsjett f r gjennomf ring/utbygging kan startast opp.

3.2 – Administrativ organisering

Teknisk planlegging, utbygging og drift:

Teknisk eining har ansvaret for planlegging, utbygging og drift av det kommunale vegnettet, og dermed ogs  ansvaret for det fysiske trafikktryggingsarbeidet p  kommunevegnettet i Giske kommune.

Teknisk eining har saksbehandlingsansvaret overfor KT i trafikktryggingssaker, og ansvar for iverksetting og gjennomf ring i samsvar med vedtak og budsjett.

Trafikkoppl ring i barnehage og grunnskule:

Den enkelte resultateining innan barnehage og skule i Giske kommune har ansvar for trafikkoppl ringa til barna/elevane.

3.3 – Viktige akt rar i trafikktryggingsarbeidet

M re og Romsdal fylkeskommune:

- ◆ ansvar for fylkesvegnettet
- ◆ utarbeide samferdselsplanar for M re og Romsdal
- ◆ ansvar for kollektivtrafikken
- ◆ ansvar for skuleskyss og anna transportl ye
- ◆ ansvar for f rebyggjande helsearbeid

Fylkestrafikktryggingsutvalet i Møre og Romsdal (FTU):

Eit politisk utval med 5 faste medlemmer frå samferdselsutvalet, som har ansvaret for å koordinere og vere pådrivar for alt trafikktryggingsarbeid som vert utført i Møre og Romsdal. Dette inneber m.a. å stimulere og støtte alt kommunalt og frivillig trafikktryggingsarbeid i fylket. FTU skal elles uttale seg i saker som er viktige for trafikktryggleiken og står for fordelinga av 50/50-midlar.

Statens vegvesen:

- ◆ Ansvar for planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegar og gang-/sykkelvegar i samanheng med riksvegnettet.
- ◆ Utføre trafikktryggingstiltak som veglys, fartsreduserande tiltak, busslommer og rekkverk langs riks- og fylkesvegnettet.
- ◆ Bistand til fylkeskommunen og kommunane.
- ◆ Trafikkopplæring og førarprøver.
- ◆ Trafikkrettleiing og trafikkontroll.
- ◆ Informasjons- og kampanjeverksemrd.

Statens vegvesen er sekretariat for FTU. Etaten registerer trafikantframferd, gir rettleiing/Elles driv Statens vegvesen med fagleg rettleiing og medverkar til ein viss grad i trafikkopplæringa i vidaregåande skole.

Giske kommune:

- ◆ Ansvar for planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av kommunevegnettet og kommunale gang-/sykkelvegar, og gang-/sykkelvegar i samanheng med fylkesvegnettet.
- ◆ Vedtaksmynde i arealplanlegging.
- ◆ Utføre trafikktryggingstiltak som veglys, fartsreduserande tiltak, busslommer og rekkverk på/langs kommunevegnettet.
- ◆ Opplæring i barne- og ungdomsskule.
- ◆ Ansvar for trafikktryggleiken for elevane mellom skule og heim.
- ◆ Ansvar for førebyggjande helsearbeid.
- ◆ Ansvar for utarbeiding og gjennomføring av kommunal trafikktryggingsplan.

Politiet:

- ◆ Gjere førebyggjande trafikktryggingsarbeid.
- ◆ Gjennomføre farts- og åtferdskontroll og rådgiving.
- ◆ Informasjon/kampanjar mot ulike målgrupper.

Skolar, barnehagar og organisasjonar kan ta kontakt dersom dei ynskjer hjelp av politiet til informasjon og førebyggjande arbeid. Andre oppgåver er høyringsuttaler til kommunen i spørsmål knytt til trafikktryggleik, reguleringar og skilting, samt datainnsamling ved trafikkulykker med personskade.

Trygg Trafikk:

- ◆ Yte trafikkfagleg bistand til barnehagar og skular gjennom kurs og materielltilbod.
- ◆ Drive informasjonsverksemrd overfor trafikantane.
- ◆ Hjelpe kommunane i deira trafikktryggingsarbeid.
- ◆ Utvikle nye metodar og tiltak for trafikktryggingsarbeidet i Møre og Romsdal.
- ◆ Bygge opp kompetanse for sentrale trafikktryggingsmedarbeidarar i fylket.

Trygg Trafikk har eigen fylkessekretær, og har ansvarleg for å koordinere trafikktryggingsarbeidet i regi av frivillige organisasjoner. Trygg Trafikk arbeider primært med informasjon og opplæring (utvikling og distribusjon av opplæringsmateriell), men engasjerer seg også i forhold til lovverket – t.d. for å få lågare fartsgrenser, bilbeltepåbod i buss, påbod om sykkelhjelm og lovfesta rett til trygg skoleveg.

Statens utdanningskontor:

- ◆ Ansvar for grunnskuletrinnet.
- ◆ Klageinstans for skuleskyss på grunnlag av farleg skuleveg, dersom kommunen seier nei.

Fylkeslegen:

- ◆ Førebyggjande helsearbeid.
- ◆ Ansvar for helsevilkår for førarkort.

Foreldre:

- ◆ Ansvar for eigne barn.
- ◆ Ansvar for øvingskjøring for dei unge som skal ta førarkort.
- ◆ Ansvar for trygg av- påstiging ved foreldrekjøring av eigne barn til/frå skulen.

Andre viktige aktørar

- | | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none">◆ MA (Motorførernes Avholdsforbund)◆ NAF (Norsk Automobil Forbund)◆ KNA (Kongelig Norsk Automobilforbund)◆ Trafikkskolane◆ Transportnæringa◆ FAU (foreldreutval) ved alle skular | <ul style="list-style-type: none">◆ Forsikringsbransjen◆ Media◆ Idrettslag, velforeiningar, grändalag◆ Enkeltpersonar◆ Folkeuniversitetet |
|---|---|

3.4 – Rammevilkår

Sentrale planar

- Nasjonal transportplan (NTP) 2010 – 2019.
- Trafikksikkerheit på veg 2010 – 2013 (strategiplan).

Fylkeskommunale planar

- Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal 2010 – 2019.
- Trafikktrygging i Møre og Romsdal. Handlingsplan 2010 - 2013
- Handlingsplanar for riks- og fylkesvegar.

Fylkeskommunen sine prioriteringar har innverknad på i kva grad kommunen kan få gjennomslag for sine ønskje. Sjølv om kommunane kjem med innspel, vil det i enkelte tilfelle kunne vere interessemotsetnader mellom fylkeskommunen sine prioriteringar og kommunen sine.

Kommunale planar

- Kommuneplan Giske kommune
- Kommunedelplan Trafikktrygging
- Reguleringsplanar
- Andre kommunedelplanar og sektorplanar.

Trafikktryggingsarbeidet må integrerast i den kommunale planlegginga på ein god måte. Dette må gjelde både arealplanar, kommuneplanen og andre aktuelle plandokument.

Kommunale budsjett

Dei aktuelle tiltaka må innarbeidast i kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett.

Fylkeskommunale tilskott til kommunen

Fylkeskommunen inviterer årleg kommunane til å søkje om øyremerka tilskott til trafikktryggingstiltak, gang- sykkelvegar, kollektivtiltak og miljøtiltak. I tillegg kan kommunen søkje om tilskott til omlegging av fylkesvegar.

Kommunen må finansiere minst 50 % av tiltaka på kommunevegar og 50 % på fylkesveg. Andre søknadskrav er at tiltaka er godt dokumenterte og planlagde, kommunedelen av finansieringa er ordna, og at tiltaket kan gjennomførast i løpet av tildelingsåret.

Fylkeskommunale tilskott til lag og organisasjonar

Fylkestrafikkutvalet i Møre og Romsdal gir økonomisk støtte til lag og organisasjonar som på frivillig og ideell basis arbeider med trafikktrygging.

Det kan tildømes vere: Burettslag, velforeiningar, idrettslag, ungdomslag og bygdelag, skoler, FAU og barnehagar.

Støtte kan gis til tiltak som har ein **klar effekt på** trafikktrygginga i kommunane eller fylket.

Det kan tildømes vere:

- Informasjon, kampanjar, tilstellingar, møter og liknande som er knytt opp mot trafikktrygging.
- Bygging av små og lite kostnadskrevjande fysiske tiltak. Privat gate og vegbelysning på spesielt trafikkfarlege stader/strekningar, siktforbetringar, sikring av leikeplassar som ligg trafikkfarleg til og liknande. Fysiske tiltak må utførast etter godkjente planar.
- Det skal vere ei deling av kostnadane mellom søker og FTU. Søkars eigendel skal normalt vere 50 % av den totale kostnaden på tiltaket/prosjektet.
- Støtta frå FTU skal normalt ikkje overstige kr 30 000.

Det er ikkje særskilde søknadsfristar.

3.5 – Vegnett og ansvar i Giske kommune

Kommunale veger pr.: 01.01.2012


	VIGRA	VALDERØY	GISKE	GODØY	SUM (l.m.)
♦ BILVEG	29 433	28 465	7 410	9 915	75 223
♦ GANGVEG	6 052	13 400	230	1 635	21 317
♦ Derav:					
BILVEG M/FAST DEKKE	29 433	27 595	6 560	9 605	70 873
BILVEG M/GRUSDEKKE	1 405	870	850	310	3 505
GANGVEG M/FAST DEKKE	5 967	11 300	230	1 635	15 117
GANGVEG M/GRUSDEKKE	85	2 100	-	-	2 185
BILVEG M/GATELYS	25 898	28 465	7 130	9 485	70 823
GANGVEG M/GATELYS	4 237	11 700	230	1 635	17 802
BILVEG M/FARTSGRENSE <=40	7 548	18 495	2 605	7 340	35 988
Samla offentleg vegnett i Giske kommune:				I.m. ⇒	149 477
♦ KOMMUNEVEG	35 485	41 865	7 640	11 550	96 540
• FYLKESVEG	15 248	6 214	11 770 (Inkl.bru og tunnel til Godøya)	9 405	42 637
• RIKSVEG					10 300

Driftsansvar:

- ♦ Kommunevegar:
 - ♦ Giske kommune har ansvaret for alle kommunevegane (65 % av samla off. vegar)
 - ♦ Kontakt: Giske kommune, Teknisk eining, 6050 Valderøya, tlf: 70 18 80 00
- Riks- og fylkesvegar:
 - Statens vegvesen har ansvaret for fylkes- og riksvegane (35 % av samla off. vegar)
 - Kontakt: Statens vegvesen, Sunnmøre distrikt (Ålesund trafikkstasjon), tlf: 70 17 50 00

3.5.1 – Oversiktskart vegnett Giske kommune

Kartgrunnlag: NVDB og Norge digitalt.



3.5.2 – Auka trafikk til og frå Giske kommune

Teiknforklaringa over refererer til årsdøgntrafikk (ÅDT) som er gjennomsnittleg tall køyrety i døgnet.

Etter at den undersjøiske vegforbinda vart avgiftsfri har det blitt ei auke i trafikken til Giske kommune. Foreløpige målingar fortel at trafikken over Gjøsund bru har auka med om lag 25%. Trafikkmålingane held fram til våren 2011 før ny ÅDT vert bestemt.

4 – Kartlegging og problemanalyse

4.1 – Politirapporterte trafikkulykker med personskade

Dette er dei registreringane over ulykker som politiet har rapportert til fylkesvegkontoret for åra 2003 –2009. Politiet rapporterer alle ulykker der det er personskade.

Tabell 4.1.1 ulykker med personskade

År	Samla tal ulykker	Tal skadde/ drepte	Ulykkene fordelt på:			
			Uhellstype		Vegtype	
2003	2	3				
2004	5	5	Andre uhell	3	Riksveg	18
2005	10	12	Same køyreretning	4	Fylkesveg	17
2006	5	7	Møteulykker	6	Kommuneveg	10
2007	14	28	Kryss ulukker	10	Privat veg	2
2008	6	7	Utforkjøring	22		
2009	5	5	Fotgengarulukker	2		
2003-2009	47	67		47		47

Ulykkene fordelt etter vekedag og tid på døgnet:

Frå kl.	00:00	02:00	04:00	06:00	08:00	10:00	12:00	14:00	16:00	18:00	20:00	22:00
Til kl.	01:59	03:59	05:59	07:59	09:59	11:59	13:59	15:59	17:59	19:59	21:59	23:59
måndag	0	0	0	0	1	1	1	2	0	0	2	0
Tysdag	1	0	0	2	0	1	0	0	0	0	3	0
Onsdag	0	0	0	1	0	0	1	1	1	0	1	0
Torsdag	1	0	1	1	1	0	0	1	0	0	0	0
Fredag	1	2	0	1	1	0	0	2	0	0	1	1
Laurdag	0	0	0	1	0	3	0	1	0	1	1	0
Søndag	1	0	0	1	0	0	0	1	0	1	0	1
Pr. time:	4	2	1	7	3	5	2	8	1	2	8	2

Ulykkene fordelt etter månad:

Månad	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Ulykker	2	4	7	2	5	5	2	4	4	3	5	4

Skadde/drepne fordelt på aldersgrupper:

0 - 14 år	15 - 24 år	25 - 34 år	35 - 44 år	45 - 54 år	55 - 64 år	65 år og over
8	24	10	8	7	7	3

Utfordringane for å få gjennomført førebyggjande fysiske utbetringstiltak er mange. Strategien blir å prøve å få gjennomført tiltak som krev små ressursar. Vidare må vi prioritere ein del andre viktige tiltak som krev planlegging og finansiering før gjennomføring.

Haldningsskapande tiltak må også prioriterast, desse er langsiktige og viktige for det kontinuerlige trafikktryggingsarbeidet og det allmenne engasjementet. I den store samanhengen representerer desse små økonomiske kostnader i høve til dei store tekniske inngrepa. Uansett kor gode dei fysiske rammene blir, er det oss sjølv som trafikantar som har det siste ordet.

5 – Tiltak

5.1 – Utført i førre planperiode

RIKS- OG FYLKESVEGAR

1. 500 meter gang-/sykkelveg langs riksveg 658 frå "flyplasskrysset".
2. Gang-/sykkelveg med gatelys langs fylkesveg 131 frå Sætrekrysset til Gjøsundkrysset.
3. 3 møteplassar langs fylkesveg 128 på Giske.
4. Ny, rassikker fylkesveg 127 til Alnes med gang-/sykkelveg.
5. Omlegging av fylkesveg 125 utanom bustadområde på Valkve.
6. 400 meter fortau langs fylkesveg 125 frå Valkve til fylkesveg 127
7. Skilting av forkjørsveg langs fylkesveg 125
8. Gang-/sykkelveg langs fylkesveg 136 Rørvika, Vigra
9. Gang-/sykkelveg langs fylkesveg 137 Margretevegen til Vigra skule
10. Omlegging av fylkesveg 135 forbi bustadområde på Gjøsund (Subsea7)
11. Autorekkverk langs fylkesveg 131 før avkjøring Skjongstranda

KOMMUNEVEGAR

1. 260 meter gang-/sykkelveg frå fylkesveg 137 mot Molnes.
2. Gang-/sykkelveg frå Synnes byggefelt til Solbakken skole
3. Fartsredusjon frå 50 til 40 km/t på vegen til Ytste Molnes
4. Hauvegen på Roald er stengt for gjennomkjøring ved skilting.
5. Fartsredusjon frå 50 til 40 km/t på vegen til Ytste Synes
6. Ny veg til Rota stadion
7. 700 meter fortau langs ny hovudveg frå Sima til Valderøy varesenter.
8. Fartshumper(busspute) Nordstrandvegen.
9. Vegstengsel Simabakken
10. 100 løpmeter breiddeutviding av Valderhaugvegen ved barneskulen.
11. To fartshumper i Myrane bustadfelt.
12. 200 meter autovern langs Ådalsvegen på Godøya
13. Trafikkspeil i Alnes sentrum
14. Fartsgrense 40 km/t i Fugleneset på Vigra, Romsdalsvegen og Hamnevegen
15. Omlegging og utviding av Øvstevegen forbi Valderøy kyrkje med fortau.
16. Stenging av Trollhaugane

17. Autovern langs to bratte parti i Valderhaugbakkane

5.2 – Nye innspel fra publikum

RIKS- OG FYLKESVEG

1. Samanhengande gangveg fra Røysa til Vigra skule – innspel fra fleire bebuarar i Røysa

FYLKESVEGAR

2. Trygging av FV131 nordover frå Mulelidkaia – innspel og underskrifter frå bebuarar.
3. Nytt innspel frå bebuar ang. felles utkjørsel på bakketopp (F 9)
4. Innspel frå bebuar om behov for autovern langs FV 131 Nordover frå Syvermarka
5. Gang-/sykkelveg frå Rørvik til Vigra kyrkje – innspel frå bebuarar og frå FAU ved Vigra skule
6. Uoversiktleg sving ved Gyljeberget på Blindheim (FV 136) – innspel frå bebuar.
7. Betre trafikktrygging av skulevegen til Skjongskulen: tryggare kryssing av fylkesveg 131, rydding av vegetasjon. Innspel frå rektor og deltakar i arbeidsgruppa
8. Fotgjengarovergang ved Tryggheim barnehage (FV 127)- innspel frå styrar ved barnehagen.
9. Skilting for kryssande sykkelveg (FV 131 og 136) – innspel på internmøte i teknisk eining.

KOMMUNEVEGAR

10. Betre parkeringstilhøve og tilkomst til Vigra skule. Innspel frå rektor og FAU.
11. Ønske frå anonym valderøyning om at det ikkje skal gå buss på Nedstevegen på Nordstranda.
12. Permanent stengsel for biltrafikk ved firemannsbustad ved Valderøy varesenter – fleire har kontakta kommunen.
13. Forbod mot motorferdsel på gangvegsystemet i Syvermarka. Innspel frå bebuar.

5.3 – Delmål for tiltak og prioritering

Arbeidet med utforming, vurdering og prioritering av tiltak bør gjerast ut i frå ønskje om gjennomføring snarast råd i størst mogleg omfang. Vilkår og arbeidsmåte som bør vektleggjast:

1. Gruppering i fysiske og andre førebyggjande/haldningsskapande tiltak.
2. Gruppering av fysiske tiltak etter vegansvar (riks-, fylkes- og kommuneveg).
3. Prioritere tiltak ut i frå vilkår som:
 - 3.1. Strakstiltak som ikkje kostar pengar.
 - 3.2. Viktige tiltak som kostar lite pengar (skiltsaker og liknande).
 - 3.3. Fysiske tiltak som er planlagde og gir høve til offentlege tilskot.
 - 3.4. Fysiske tiltak som vert løyste gjennom planar som er under handsaming
 - 3.5. Viktige tiltak som må planleggjast før gjennomføring (kommuneplan/reguleringsplan).

Forklaring av dei etterfølgjande tiltakstabellar:

Fysiske tiltak etter vegklasse:

- Dei fysiske tiltaka i dei etterfølgjande tabellane er lista opp fortløpende i prioritert rekjkjefølgje og gruppert etter vegtype (riks-, fylkes- og kommuneveg).
- Dei tiltaka som er prioritert innanfor den enkelte vegtype (riks-, fylkes- og kommuneveg) er gitt prioritetsnummer i kollone nr 2.

Prioritering av fysiske trafikktryggingstiltak:

Prioritet 1 - Strakstiltak på kommuneveg, fylkesveg og riksveg: Tiltak som kostar lite pengar som bør vere gjennomført i løpet av eit år etter plangodkjenning, og andre tiltak som er høgt prioritert/på gang.

Prioritet 2 – Tiltak på kommuneveg (2012-2016): Tiltak som skal gjennomførast i løpet av første fireårsperioden (2010 – 2014). Desse tiltaka skal prioriterast i Giske kommune sin økonomiplan og skal prioriterast med omsyn til søknader om fylkeskommunale og statlege tilskott.

Prioritet 2 – Tiltak på fylkes- og riksveg (2012-2016): Tiltak som bør gjennomførast i løpet av første fireårsperioden (2010 – 2014). Desse tiltaka skal danne grunnlag for fylkeskommunen og Statens vegvesen sine prioriteringar av tiltak i Giske kommune dei første åra.

Prioritet 3: -Tiltak på kommune- fylkes- og riksveg (2017 – 2021) Tiltak som må innarbeidast i langtidsplanar for gjennomføring snarast råd i perioden 2015 – 2019.

Prioritet 4: Tiltak på kommune- fylkes- og riksveg (etter 2021) som må innarbeidast i langtidsplanar for gjennomføring snarast råd etter 2021.

5.4 – Fysiske tiltak på riksvegar

Tiltak nr.	Pri. nr.	Veg nr.	Pel.nr.	Stad/område	Tiltak	Sum i 1000 kr	Merknad
R 1	2	R.v. 658	5000 – 7500	Frå Gjøsund mot flyplassen ca 2500 l.m.	Gang-/sykkelveg	5.000	Stor biltrafikk gjennom bustadgren. Riksvegen er også skuleveg. Mange syklande
Status:		Kommuneplan: ja – Reguleringsplan/detaljplan: ja – Grunnkjøp: Nei					
Vidare arbeid:		1 – Reguleringsplan vart framlagd kommunestyret 21.09.10 2 – Finansiering, grunnkjøp og utbygging					
R 2	2	R.v. 658	Ca.5300 – 5700	Gjøsund, nord for forretningsområde	Universelt utforma undergang for myke trafikkantar	5.000	
Status:		Kommuneplan: ja – Reguleringsplan/detaljplan: ja – Grunnkjøp: Nei					
Vidare arbeid:		1 – Reguleringsplan vart framlagd kommunestyret 21.09.10 2 – Finansiering, grunnkjøp og utbygging					
R 3	2	R.v. 658	4250 – 5000	Over Gjøsundet ca 750 l.m.	Gang-/sykkelveg over Gjøsundet	7.500	Riksvegbru utan gangsykkelveg.

Tiltak nr.	Pri. nr.	Veg nr.	Pel.nr.	Stad/område	Tiltak	Sum i 1000 kr	Merknad
Status:		Kommuneplan: ja – Reguleringsplan: ja – Grunnkjøp: delvis					
Vidare arbeid:		1 – Vurdering/fornyning av reguleringsplanen på Vigra-sida 2 – Finansiering og utbygging				Ansvær: Ansvær:	Giske kommune Statens vegvesen
R 4 Straks	1	R.v. 658	2700 – 4500 Ca 500 l.m. (Pelbrot)	Gjøsundsætra – over Gjøsund bru	Fartsreduksjon 60 km flyttast vestom vegkrysset med fv 131	10	60 sona må inkludere Sætrekrysset og hele brua
Status:		Reguleringsplan/detaljplan: ja – skiltmynde : vegsjefen					
Vidare arbeid:		1 – Vedtak og skilting				Ansvær:	Statens vegvesen
R 5	2	R.v. 658	4700	Gjøsund, avkjørsle til Byggmakter Roald og bensinstasjon.	Ca 0,5 m heving av veg/avkjørsle for sikt-utbetring	200	Lav innkjørsel, auto- rekker til begge sider og bakketopp gir altfor dårlig oversikt.
Status:		Kommuneplan: – Reguleringsplan/detaljplan: ja					
Vidare arbeid:		1 – Pålegg om utbering til tiltakshavar/eigar 2 – Gjennomføring, event. med hjelp fra vegvesenet.				Ansvær: Ansvær:	Statens vegvesen Tiltakshavar/bukar
R 6 Straks	1	R.v. 658	6000 – 7000 Vigra	Tunnelåpninga - flyplassen	Skogrydding langs riksvegen	Drifts- oppgåve	Hjortetrekke over vegen. Mange påkjørsler av hjortedyr pga tett skog langs vegen.
Status:		Kommuneplan: – Reguleringsplan/detaljplan:					
Vidare arbeid:		1 – Rutinemessig og periodevis gjennomføring.				Ansvær:	Statens vegvesen
R 7	2	R.v. 658	4700	Kryss med fylkesv 135	Utviding av kryss med avkjøringsfelt. Dimensjonerast for rørtransport	1000	Begge køyrefelt på rv.658 vert stengt når det transporterast rør til Subsea 7 sitt anlegg
Status:		Reguleringsplan/detaljplan: forbikjøringslomme er regulert					
Vidare arbeid:		1 – Pålegg om utbering i samband med bygging av gang-/sykkelveg 2 – Gjennomføring.				Ansvær: Ansvær:	Statens vegvesen Statens vegvesen

5.5 – Fysiske tiltak på fylkesvegar

Tiltak nr.	Pri. nr.	Veg nr.	Pel.nr.	Stad/område	Tiltak	Sum i 1000 kr	Merknad
FYLKESVEGAR - VIGRA							
F 1	2	F.v.136	2000 – 1750	Bedehuset og kyrkja, og avkjøring til felles p.plass og Vigra Helsetun.	Ombygging av fylkesveg, lengre frå bygga, og gangveg/fortau tilsluttast gangveg frå Rørsvika	3000	Vegen ligg inntil kyrkjegardsgjerdet over uoversiktleg bakketopp
Status:		Kommuneplan: – Reguleringsplan: ja – teknisk plan: nei - Grunnkjøp: ikkje ferdig					
Vidare arbeid:		1 – Tiltaket må inn i fylkeskommunale planar 2 – Utbygging av vegvesenet eller Giske kommune etter avtale og tilskott.				Ansvær: Ansvær:	Statens vegvesen Giske k./St. vegvesen
F 2	2	F.v.136	4550 – 4600	Brauta, Synnes (bratt smal bakke) ca 150 l.m.	Vegutviding og utretting med gang-/sykkel veg	900	Einfelts fylkesveg med blanda trafikk. uoversiktleg krapp bakketopp.
Status:		Kommuneplan: nei – Reguleringsplan/detaljplan: nei – Grunnkjøp: nei					
Vidare arbeid:		1 – Reguleringsplan/detaljplan i samarbeid med vegvesenet. 2 – Finansiering, grunnkjøp og utbygging				Ansvær: Ansvær:	Giske kommune Statens vegvesen
F 3	3	F.v.135	5300 - 5400	Heltnekrysset – forbi Heltneløa	Utviding av fylkesvegen (2m br. i ca 70 lm.)	350	Uoversiktleg punkt der vegen er for smal for møtande større kjøretøy.
Status:		Kommuneplan: nei – Reguleringsplan/detaljplan: nei – Grunnkjøp: nei					
Vidare arbeid:		1 – Grunneigar blir kontakta om grunnavståing 2 - 2 – Utbygging av vegvesenet eller Giske kommune etter avtale og tilskott.				Ansvær: Ansvær:	Giske kommune Giske kommune/S.v.v.
F 4	3	F.v.136	ca 4100	Bakketopp mellom gnr 5, bnr 13 og 15	Utrechtning av bakketopp, ca 50 l.m.	350	Kort bakketopp som hindrar sikt i lengeretninga.

Tiltak nr.	Pri. nr.	Veg nr.	Pel.nr.	Stad/område	Tiltak	Sum i 1000 kr	Merknad
Status:		Grunneigarane har signalisert gratis arbeidsløype.					
Vidare arbeid:		1 – Grunnavtale og gjennomføring 2 – alt. gjennomføring i kommunal regi med tilskott fra vegvesenet				Ansvar:	Statens vegvesen
F 5	3	F.v.136	Ca.3000-3200	Gyljeberget, uoversiktleg kurve	Vegutviding og sprenging av bergskjering	400	Giske kommune
Status:		Kommuneplan: nei – Reguleringsplan/detaljplan: nei – Grunnkjøp: nei					
Vidare arbeid:		1 – Reguleringsplan/detaljplan i samarbeid med vegvesenet. 2 – Finansiering, grunnkjøp og utbygging				Ansvar:	Giske kommune
						Ansvar:	Statens vegvesen
F 6 straks	1	F.v.136	Ca.200	Rørvika/Roald	Fareskilt nr.144 Gjør oppmerksom på krysningspunkt for syklande	10	Ny gang-/sykkelweg krysser fylkesvegen
Vidare arbeid:		1 – Oppsetting av skilt i begge retninger				Ansvar:	SVV/GK
F 7	2	F.v.137	Ca 2600	Øiekrysset, Roald	Innsnevring/Justering, bygging av øy ved krysset	100	Vegkrysset skal jf. reg. planen justerast 5-6 m sørover og gjera smalare
Status:		Reguleringsplan: ja – Detaljplan: nei – Grunnkjøp: nei, men kanskje ikke naudsynt.					
Vidare arbeid:		1 – Utarbeide detaljplan i samarbeid med Statens vegvesen 2 – Søkje om eksterne trafikktryggingsmidler, finansiering, utbygging/gjennomføring.				Ansvar:	Giske kommune/St.v.v.
						Ansvar:	Giske kommune

FYLKESVEGAR – VALDERØY

F 8	2	F.v.131	Ca.300-900	Frå 300 meter sør for rundkjøringa på Ytterland forbi krysset med Skjongskaret	40 km/t, opphøgde gangfelt. Vurdere plassering og utforming av busshaldeplassar	150	Stor trafikk av biler, busser og skolebarn.
Status:		Reguleringsplan/detaljplan: fører ikke til endring av gjeldande plan – Grunnkjøp: ikke naudsynt.					
Vidare arbeid:		1 – utarbeide plan for miljøgate i samarbeid med S.v.v. 2 – Søkje om eksterne trafikktryggingsmidler, finansiering, utbygging/gjennomføring.				Ansvar:	Giske kommune/S.v.v.
						Ansvar:	Giske kommune/S.v.v.
F 9	3	F.v.131	400	Ytterland, avkjøring på bakketoppen (til Dyb m/fleire)	Senke fartsnivået på fylkesvegen jf. pkt. over. Utbygging som regulert		Felles privat avkjørelse fra fylkesvegen på uheldig stad.
Status:		Kommuneplan: ja – Reguleringsplan/detaljplan: ja – Grunnkjøp: nei					
Vidare arbeid:		1 – Gjennomføring i privat regi etter utbyggingsavtale med kommunen				Ansvar:	Tiltakshavar/Giske k.
F 10	2	F.v.131	100-400	Frå undergang på Ytterland mot Skjong	Gang-/sykkelweg langs austsida av vegen	600	Skuleveg for barn og andre frå/til nordre Ytterland/ Valdervoll, stor biltrafikk
Status:		Kommuneplan: ja – Reguleringsplan/detaljplan: ja – Grunnkjøp: nei					
Vidare arbeid:		1 – Må krevjast opparbeida i samband med bustadutbygging. 2 – Gjennomføring				Ansvar:	Giske kommune
						Ansvar:	Utbygger
F 11	1	F.v.131		Sætra	Fareskilt nr.144 Gjør merksam på krysningspunkt for syklande	10	Ny gang-/sykkelweg krysser fylkesvegen
Vidare arbeid:		1 – Oppsetting av skilt i begge retninger				Ansvar:	SVV/GK
						Ansvar:	

Tiltak nr.	Pri. nr.	Veg nr.	Pel.nr.	Stad/område	Tiltak	Sum i 1000 kr	Merknad

FYLKESVEGAR – GISKE

F 12	2	F.v.129	0 – 500	Skulevegen (Giskegjerde – skulen)	Ny fylkesveg i samsvar med ny reguleringsplan	3500	Eksisterande fylkesveg skal etter reg.planen nyttast som bustadveg i framtida.
Status:		Kommuneplan: ja – Reguleringsplan: ja - Detaljplan: nei – Grunnkjøp: nei					
Vidare arbeid:		1 – Kontakt med vegvesenet omkring finansiering og framdrift for gjennomføring.			Ansvær:	Giske kommune	
		2 – Detaljtilplan, prioritering, finansiering og gjennomføring.			Ansvær:	Giske komm./St.vegv.	
F 13	3	F.v.128	1650-1800	Forbi Giske kyrkje Ca 150 m lengde mellom parkeringsområda og kyrkja	Flytting av fylkesvegen mot nord med fortau mot sør langs steingarden	1.000	Gangtrafikken til/frå begge p.plassar og kyrkja må gå på den smale fylkesvegen. Delvis utført 2011
Status:		Kommuneplan: nei – Reguleringsplan/detaljplan: nei – Grunnkjøp: nei					
Vidare arbeid:		1 – Innarbeiding i kommuneplan. Utarbeiding av reguleringsplan og detaljplan.			Ansvær:	Giske kommune	
		2 – Grunnavtale/innløysing, finansiering og gjennomføring etter nærmere avtale (G.k.-St.v.)			Ansvær:	St.veg.v./Giske komm.	

FYLKESVEGAR – GODØY

F 14	2	F.v. 658	HP 5- tunnel	Giske – Godøy	Sikringstiltak mot brann og trafikkuhell	?	Den bratte tunnelen manglar sunnisje for vogntog. Brennbar isolasjon og strømforsyninga bør sikrastr.
Status:		Pålegg av Giske brannstyre som er påklagt og sendt til Direktoratet for brann- og elskkerheit for avgjersle (brannstypesak 07/02)					
Vidare arbeid:		1 – Finansiering og gjennomføring i samsvar med vedtak/pålegg/planar			Ansvær:	Statens vegvesen	
F 15	1	F.v. 125		Valkvæ omlagt fylkesvegtrase ved gravplassen	Utbetreibung til høve i veggrysset	10	Utforming av jordvoll langs fylkesvegen må justerast
Status:		Mindre tiltak der regulering ikkje er nødvendig					
Vidare arbeid:		1 – Varsle eigar av naboeigedom 2 – Utføre arbeidet			Ansvær:	Giske kommune	
F 16	1	F.v. 125		Valkvæ rett før gangfelt etter rundkøyring	Fjerne gammalt pumpemodus som sperrar for sikt ved gangfeltet	10	
RStatus:		Mindre tiltak der regulering ikkje er nødvendig					
Vidare arbeid:		Demontere installasjonar, rive huset			Ansvær:	Giske kommune	
F 17	2	F.v. 125		Gjuv	Bussnuplass og parkering	200	
Status:		Reguleringsplan/detaljplan: ja – Grunnkjøp: ja					
Vidare arbeid:		Prioritering, finansiering og gjennomføring			Ansvær:	Giske kommune/SVV	
F 18	3	F.v. 125		Gjuv- Leitebakk	Gang-/sykkelveg langs fylkesvegen	4000	
Status:		Reguleringsplan/detaljplan: nei – Grunnkjøp: nei					
Vidare arbeid:		1-Få tiltaket inn i økonoplana for neste periode 2- Utbygging i samarbeid med Statens vegvesen			Ansvær:	Giske kommune/SVV	
					Ansvær:	Giske kommune/SVV	

5.6 – Fysiske tiltak på kommunevegar

KOMMUNEVEGAR – VALDERØY

Tiltak nr.	Pri. nr.	Komm.- veg nr.	Pel .nr.	Stad/område	Tiltak	Sum i 1000 kr	Merknad
K 1	2	?		Øvstevegen fra Valderøy varesenter til ungdomsskulen	Opphøgde gangfelt og fysisk skilje mellom bilveg og gangveg	300	
Status:		Reguleringsplan/detaljplan for ny barneskule på gang – Grunnkjøp: ikke naudsynt for eksisterande veg					
Vidare arbeid:		Må vurderast i samband med pllassering av ny barneskule					
K 2	2	?		Ny veg fra kyrkja til Øysenteret	Bygge ferdig veg med fortau	3000	
Status:		Reguleringsplan/detaljplan : ja – Grunnkjøp: noko areal manglar					
Vidare arbeid:		1 – grunnkjøp 2 – gjennomføring					
K 3	3	?		Skaret frå Skjong til ny barneskule	Gang-/sykkelsti over fjellet	1000	Kan bidra til at fleire går eller syklar til skule og til treningsaktivitetar på Valdervoll
Status:		Reguleringsplan/detaljplan for ny barneskule på gang – Grunnkjøp: vegsystemet ikkje overskjøtt Giske kommune					
Vidare arbeid:		1 – prioritering, finansiering og gjennomføring					
K 4	2	K.v.261		Frå bedehuset og opp til vegkrysset	Gang-/sykkelweg fortsetting langs vegens vestside	300	Heilskap i gangvegsystemet. Færre kryssingspunkt.
Status:		Reguleringsplan/detaljplan : ja – Grunnkjøp: Giske kommune eig arealet					
Vidare arbeid:		1 – prioritering, finansiering og gjennomføring					

KOMMUNEVEGAR – GODØY

K 5	2	K.v. 703		Alnes , ved gnr 126 bnr 12	Rette ut uoversiktleg bakketopp	200	
Status:		Mindre tiltak i regulert område					
Vidare arbeid:		1 – prioritering, finansiering og gjennomføring					

5.7 - Fysiske tiltak ved skular

Tiltak nr.	Pri. nr.	Skule	Tiltak	Sum i kr kr 1000	Merknad
S 1	2	Vigra Barneskule	Utbetra tilkomst og parkeringstilhøve ved Vigra skule	800	Ikkje god nok sikring av myke trafikkantar
Status:		Reguleringsplan: ja – Grunnkjøp: ja			
Vidare arbeid:		1 – Revidere reguleringsplanen		Ansvar	Vigra skule/GK
		2– prioritering, finansiering og gjennomføring		Ansvar	Vigra skule

Generelt tiltak innan alle veggypar.

1. Hekkar og busker som gror opp langs våre offentlege vegar gir mange utrygge og trafikkfarlege situasjoner.

Mål:

Få grunneigarane til å ta ansvar for vegetasjonen på sine eigedomar slik at ein har fri sikt i vegkryss og avkjørsler. Vegetasjonen skal ikkje vere til hinder for trafikkantar og for snøbrøyting vinterstid.

Tiltak:

Ein må skape blest omkring rydding av vegetasjon langs vegnettet og i frisiktsonar gjennom media og brev til den enkelte grunneiger. Kommunen og Statens vegvesen må vere innstilt på å ta eit skippertak for å gjere det som krevjast av veghaldar.

2. Leggje til rette for at alle skal kunne bruke offentlege transportmidlar

Mål:

Gjere det mulig for fleire å bruke offentleg transport slik som buss og hurtigbåt.

Tiltak:

- Universell utforming av busshaldeplassar
- Eit funksjonelt gangvegsystem med terskelfrie kryssingspunkt.
- Sjå til at gangvegar og haldeplassar vert rydda for snø om vinteren.

Kommunen kan søke Statens vegvesen om BRA-midlar frå Samferdselsdepartementet. Til finansiering av tiltak som fremmar tilgjengeleight for alle til kollektive transportmidlar. Det er krav om 25% eigenfinansiering.

5.8 - Generelle fysiske tiltak – retningsliner og saksbehandling:

Nye trafikktryggingstiltak kan fremjast fortløpende av enkeltpersonar/lag/organisasjonar. Nedanfor blir det orientert om dagens/framtidig praksis, mål og eventuelle vilkår for søknad til kommunen.

Tabellen omfattar dei mest vanlege trafikktryggingstiltaka som kommunen har øyremerka budsjettmidlar til å gjennomføre etter søknad og vedtak.

Tiltak nr.	Pri. Nr.	Tema	Mål	Merknad	
1		GATELYS	<ul style="list-style-type: none"> • Sikre trygg skuleveg. • Tryggare trafikkforhold på kjøreveg med gang- sykkeltrafikk. 		
Dagens praksis:			<ol style="list-style-type: none"> 1. Alle nye veganlegg skal byggjast ut med tilfredsstillande gatelysnett. Nye veganlegg som byggjast ut i privat regi (utbyggingsavtale) skal vere forsynt med gatelys før kommunal godkjenning/overtaking. 2. Kommunen løyver årleg ein mindre sum til utbygging/utbetring av gatelys langs eksisterande vegar. Desse midlane blir nytta etter søknader frå innbyggjarar og vedtak frå KT (kvar vår). 		
Vidare arbeid:			<ul style="list-style-type: none"> • Dagens praksis skal fortsette. 	Ansvar:	Teknisk eining


Tiltak nr.	Pri. Nr.	Tema	Mål			Merknad
2		MINDRE TRAFIKKTRYGG- INGSTILTAK	<ul style="list-style-type: none"> Tryggare trafikkavvikling i bustadområde 			
Dagens praksis:			<ol style="list-style-type: none"> Kommunen løyver årleg midlar til mindre trafikktryggingstiltak slik som fartshumper, vegstengsel og skilt. Fartshumper kostast oftast av søkjar og kommunen etter ei 50/50 fordeling. Tiltak langs riks- og fylkesveg skal avklara med Statens vegvesen. 			
Vidare arbeid:			<ul style="list-style-type: none"> Dagens praksis skal fortsette. 	Ansvar:	Teknisk eining.	

5.9 – Lokalisering, arealbruk

På lengre sikt vil god planlegging vere eit av dei viktigaste verkemidla i kommunen sitt trafikktryggingsarbeid. Giske kommune, som den mest tettfolka landkommunen i fylket, har lite areal og fleire bustadområdar med stor biltrafikk. Kommuneplanen til Giske legg opp til at det vert kort veg mellom arbeidsplassar, forretningar og bustadar i nærmiljøet. Til tross for dette vil ein god del trafikk gå til og frå nabokommunen Ålesund, og det er truleg dette som skaper den største trafikken. Kanalisering av trafikken til veger som er lagd til rette for stor trafikk vil auke trafikktrygginga.

Arealbruken og lokalisering skal i hovudsak sikrast gjennom kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar. I kraft av Plan- og bygningslova kan/skal kommunen stille krav til infrastrukturen (som gang- og sykkelvegar) før utbygging av eit område.

Gang-/sykkelveg på Gjøsundsæter, bygd i 2010



5.10 – Kollektivtransport

Giske kommune har gjennom eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkeskommunen, busselskapet og Ålesund kommune vedtatt å arbeide for ei auke i kollektivtransporten med 5%.

Eit viktig verkemiddel er å ha eit busstilbod som er godt tilgjengeleg og i nærleiken av der brukarane bur.

Giske kommune har satsa på ein heimebasert omsorg med ynsje om at dei eldre skal få bu heime lengst mogleg. Dei eldre utgjer ei stor brukargruppe som nyttar buss både til butikk, legekontor, sjukeheim osv. Eit kollektivtilbod i nærleiken av heimen (kort gangavstand) kan gi fleire eldre moglegheit til eit betre og sjølvstendig liv.

Eit godt busstilbod i nærmiljøet og maksimal trafikktrygging gir av og til konfliktar. Desse bør løysast gjennom dialog og samarbeid mellom brukarar/bebuarar/velforeiningar, ruteselskapet og kommunen.

5.11 – Trafikkopplæring og haldningsskapande arbeid i barnehage og skule

Trafikken er ein del av barna sin kvardag som dei må forhalde seg til. Dette er for mange både problematisk og farefullt. Trafikktryggleik for barn handlar på den eine sida om fysiske tiltak som skjermar barna frå trafikken og om bruk av sikkerheitsutstyr.

På den andre sida handlar det om å gjere barn og ungdom til gode trafikantar gjennom oppdraging og rettleiing.

Trafikkopplæring i barnehage

Rammeplanen for barnehagane føreset at barna skal få opplevelingar og kunnskap i forhold til sitt nærmiljø. Dette må også omfatte at barna skal få god kjennskap til den trafikken dei ferdast i til dagleg.

Dagens status:

- Politiet har årlege besøk med utlevering av refleks etter avtale med barnehagane. Ikkje alle barnehagane har fått dette tilbodet.
- Opplæring/info: Barnehagane arbeider med trafikktryggingstema og øver i praksis ved ekskursjonar og når dei ferdast på trafikkert veg.

Handlingsplan for årlege tiltak i barnehage:

1. Trygg ferdsel i trafikken (trening ved turgåing i trafikkbildet).
2. Bruk av "Trygg trafikk" sitt opplærings- og informasjonsmateriell
3. Besøk av politi som før (refleksutdeling/ ev. barnehagen bestiller refleksvestar/kontaktskapande tiltak i høve til politiet).

Trafikkopplæring i grunnskulen

Gjennom trafikkopplæringa i grunnskulen skal elevane lære praktiske ferdigheitar samtidig som dei skal få utvikla ein meir teoretisk forståing av korleis trafikken fungerer. Dei må lære å innordne seg eit komplisert system av reglar og symbol. Dei skal utvikle eigen evne til å vurdere,

tolke og forstå forskjellige situasjoner. Opplæringa skal også medverke til at elevane får moglegheit til å reflektere over sine eigne erfaringar i trafikken, og til å sjå kritisk på forhold som dei ynskjer å få forandra.

Generell del av Kunnskapsløftet 2006 legg eit godt grunnlag for å arbeide med trafikkopplæring i grunnskulen.

Målsetjing: Å utvikle kunnskap og haldningar i høve til trafikktryggleik slik at ein kan ta ansvar for seg sjølv og andre og kjenne til dei pliktar ein har for livsmiljø og samfunn.

Dagens situasjon: (opplysningar frå skulane om trafikktryggingsarbeid)

- Refleksvestar til 1. klassingane + besøk av politiet ("politibamsen Eddie")
- Informasjon på foreldremøte og i rådsorgana FAU og SU om tiltak ein har på gang ved uteskule og sykling på skulevegen
- "Sykkeldag" på skulen med sykkelprøver
- Kampanjar om bruk av sykkelhjelm
- Samarbeid med rutelaget om rutinar kring henting/bringing til/frå skulen – tryggleik på skulebussen

Handlingsplan for årlege tiltak i grunnskulen:

1. – 4. klasse:

- Oppfordring på foreldremøte om å la barna gå til skolen
- Utdeling av refleksvestar.
- Buss – demonstrasjon og åtferdsmønster i buss.
- Sykkel og bruk av sykkelhjelm.

4. – 7. klasse:

- Førsthjelp som del av gymnastikkundervisninga.
- Foreldremøte med tema bruk av sykkelhjelm og voksne som rollefigurar.
- Sykkelen sin tekniske stand og åtferd på sykkel – tema på sykkeldag
- Åtferd på sykkel.

8. – 10. klasse:

- "Ikkje tøft å vere død" – Ein trafikkskadd og ein polititenestemann kjem til skulen.
- Statens vegvesen har starta eit tiltak med informasjon til ungdomar saman med sine foreldre. Dei inviterer til foreldremøte for å gi råd til køyreøvinga som ungdomane skal i gong med.

Aksjon Aktive skulebarn:

Prosjektet som er presentert under kap. 2.3 strategiar og satsingsområde har som delmål å redusere foreldrekjøringa til/frå skulen.

Mål: At skulane gjennom prosjektet medverkar til at:

- ♦ Fleire elevar går/syklar til/frå skule (der skulevegen er trygg).
- ♦ Elevane gjennom fysisk aktivitet får betre helse.

Alle skulane er oppmoda om å delta i dette prosjektet som er eit samarbeidsprosjekt mellom Sosial- og helsedirektoratet, Statens vegvesen, Trygg Trafikk og politiet. Skulane er oppmoda

om å sette temaet fysisk fostring og sette temaet ”gi skulevegen tilbake til elevane” på dagsorden, og å ta inn emnet i informasjonsheftet til heimane.

5.12 – Kontroll og overvaking

Kontroll og overvaking er verkemidlar som kommunen sjølv ikkje rår over. Men gjennom samarbeid med politiet (lensmannskontoret), UP og Statens vegvesen er det både naturleg og naudsynt å ta temaet med i denne kommunedelplanen. Tiltaka som skisserast må ligge innanfor dei rammevilkår som desse etatane er gitt frå sentralt hald.

Dagens situasjon:

Giske lensmannskontor gjennomfører både åtferdskontollar og fartskontollar dels i eigen regi og dels i samarbeid med UP.

Politibetjentane utfører også anna ulukkesførebyggjande arbeid, bl.a. som besøk i skule og barnehage på førespørjingar.

Handlingsplan for årlege trafikktryggingstiltak:

- ◆ Arbeid med fartskontollar og åtferdskontollar* i Giske kommune. Spesielt må tiltak rettast mot dei mest ulukkesutsette unge førargruppene.
- ◆ At skular og barnehagar som ynskjer ”onkel politi” på besøk er meir konkret i val av teneste og mål med besøket (del av konkret handlingsplan?).
- ◆ Spesielle åtferdskontollar av kjørande, syklande og gåande i nærleiken av skular.
- ◆ Kontroll av syklar og tryggingsutstyr i samarbeid med skulen.

* bilbelte, mobil, promille, skulevegskontollar etc.

5.13 – Trafikktryggingsarbeid i samband med andre planar

Trafikk er ein integrert del av vårt sosiale liv på godt og vondt. Misbruk av rusmidlar får ofte konsekvensar både i arbeidslivet, familielivet og i trafikken. Bilen er ofte brukt i samband med kriminelle handlingar, og på ein slik måte at det fører til stor risiko både for lovbrrytaren og nærmiljøet. Det generelt førebyggjande arbeidet når det gjeld rusmidlar og kriminalitet er derfor også viktig for trafikktryggleiken i kommunen, og der er viktig med ei heilskapleg vurdering når det gjeld tiltak innan desse områda.

Trafikktryggingsarbeidet må derfor bli inkludert i andre kommunale planar:

1. Kommuneplanen (både i tekst- og arealdelen).
2. Reguleringsplanar (både i kartet og i reguleringsføresegner).
3. Andre sektor-/temaplanar (kultur, rusmisbruk, eldre/omsorg, skule, helse/sosial).
4. Årsplanar på alle skular (på klassenivå).
5. Verksemndplanar for alle resultateiningar i Giske kommune.

5.14 – Organisatoriske tiltak

Hjelpestørsmål:

- Tek dagens organisasjon vare på trangen for effektiv samordning og samarbeid på tvers av sektorane i Giske kommune?
- Bor kommunen ha eit tverrsektorielt konsultativt trafikktryggingsutval i tillegg til KT?
- Kan ulykkesførebyggande arbeid integrerast hos andre sektorar?
- Kva med samarbeidet overfor andre aktører/andre nivå (for eksempel: vegvesen, politi, Trygg trafikk)

Status:

Dagens politiske og administrative organisering av trafikktryggingsarbeidet i Giske kommune kjem fram under hovudpunkt 3.1 og 3.2 i plandokumentet.

Mål:

- Alle ansvarlege partar i Giske kommune må innarbeide rutinar som sikrar betre fokus på trafikktrygging i kvardagen.
- Styrking av det tverrfaglege samarbeidet og samarbeidet mellom kommunale, fylkeskommunale, og statlege mynde med ansvar for trafikktrygging.

Organisatoriske tiltak:

1. Organiseringa av trafikktryggingsarbeidet skal halde fram etter dagens modell slik den er skissert under pkt 3.1 – politisk organisering og pkt 3.2 – administrativ organisering.
2. Både den politiske og administrative ansvarlege må ta større ansvar og syte for at trafikktryggingsarbeidet blir ivaretake over tid på ein tilfredsstillande måte.
3. I alle arealplanar og vegplanar skal det kvalitetssikrast at trafikktryggleik er vurdert og teke omsyn til. I nye reguleringsplanar skal temaet Trafikktryggleik vere drøfta i saksbehandlinga.
4. Vegdirektoratet sine sjekklister og rettleiar for prioritering og planlegging av tiltak i skulen sitt nærområde skal nyttast (TTS-10-2000).
5. ”Barn og unges representant” sin oppgåve i saker som gjeld trafikktrygging og anna som naturleg hører til må styrkast.

5.15 – Konsekvens av planvedtaket til Miljøverndepartementet for Ålesund lufthamn, Vigra

I samband med vedtak om statleg reguleringsplan for Ålesund lufthamn, Vigra er det gitt ein føresetnad om sikring av riksveg 658 etter omlegging av fylkesveg 135 jf. skriv med vedtak frå MD, datert 15.03.2010: ”Ei auke på 939 bilar per døgn tilsvavarar 21% auke på den aktuelle vegstrekninga. I konsekvensutgreiinga vert det peika på at dette er ein kraftig auke, men ikkje dramatisk i forhold til eksisterande trafikk. Det vert vidare peika på at denne trafikkauken må føre til at det vert gjennomført kompenserande tiltak i form av gang- og sykkelveg langs riksveg 658, og ei vurdering av avkøyrsler og eventuell støyskjerming.”

6 – Administrative og budsjettmessige konsekvensar

Hovudmålet med planen er å få gjennomført flest mogleg av tiltaka og målsettingane under hovudavsnitt nr 5 i dokumentet.

Derfor er det avgjerande at eventuelle flaskehalsar som kan vere avgrensande for måloppnåinga, blir synleggjorde og søkt løyst i dette kapitlet.

Administrative konsekvensar:

Dei administrative konsekvensane for Giske kommune synes å vere minimale.

Trafikktryggingsarbeidet må gjennomførast av administrasjonen i Giske kommune etter den til kvar tid gjeldande organisering.

Budsjettmessige konsekvensar:

I dagens vanskelege økonomiske situasjon kan dei budsjettmessige konsekvensane bli store og vanskelege både for kommunen, fylkeskommunen og staten.

For Giske kommune blir det viktig å opprethalde dei årlege mindre budsjettpostane til trafikktryggingstiltak. Dette vil sette trafikktrygging på dagsorden i lokalmiljøet.

6.1 - Økonomiplanen og investeringsbudsjettet Giske kommune:

Faste postar på kommunebudsjettet:

(til gatelys, fartsregulerande tiltak busslommer/leskur - tiltak under kap. 5.6):

- ◆ Post 3231.6100.3341.6202 – Gatelys kr 100.000.- pr år.
- ◆ Post 3231.6100.3340.6204 - Trafikktrygging må innarbeidast i økonomiplan og årsbudsjett med minimum 200 000 kvart år

Fysiske tiltak på riksvegar:

Fysiske tiltak på riksvegar er Statens vegvesen sitt ansvar, og vi reknar med at alle tiltaka på riksveg blir følgt opp av Statens vegvesen.

Fysiske tiltak på fylkesvegar:

Fysiske tiltak på fylkesvegar er fylkeskommunen/Statens vegvesen sitt ansvar.

Når der gjeld større tiltak må Giske kommune vere villig til å delta i ”spleislag” i spesielle høve med delfinansiering av inntil 50 % av viktige investeringsprosjekt.

Dette må gjerast etter avtale med fylkeskommunen/statens vegvesen og etter søknad om tilskott gjennom 50/50 midlar til omlegging av fylkesvegar og andre trafikktryggingstiltak på fylkesveg.

Kommunen sin eigendel i det enkelte prosjektet må takast med i økonomiplan/årsbudsjett.

Andre fysiske tiltak på kommunevegar:

Dei fysiske tiltaka som er prioritert nr 1 og 2 i tabell 5.4 må innarbeidast i økonomiplanen for perioden og i årsbudsjettet for gjennomføring. Aktuelle trafikktryggingstiltak skal søkjast fullfinansierte gjennom årleg søknad om statlege/fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar.

Fysiske tiltak på/ved skule/kommunale institusjonar:

Trafikktryggingstiltak på/ved skule og andre bygg som gjeld interne trafikkanlegg må budsjetterast under vedkomande skule/institusjon av vedkomande einingsleiar.

Mottekne merknadar under høyringsperioden:

16.12.2010

Arbeidsutvalet til Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er glad for at kommunen reviderer trafikktryggingsplanen, og vi ser at kommunen har sett opp strategiar og satsingsområde som er gode og riktige ut frå visjonar og mål. Utfordringa til kommunen blir no å sette av nok midlar til å følgje opp planen. Arbeidsutvalet finn plana god og teneleg for kommunen.
I tillegg vil vi opplyse om at FTU har sett av midlar i sitt budsjett til trafikktryggingstiltak som de er velkomne til å søkje på. (sjå punkt 3.4)

12.12.2010

Valkvæ Velforening vil oppmøde kommunen til å vurdere følgjande tiltak på Valkvæ:

1. Fjerne pumpehus ved gangfeltet vi a vis Valkvæ Kiosk og Gatekjøkken. Pumpehuset stenger for sikt og skaper fare for påkjørsel og skal dessutan i dag være overflødig.
2. Fysisk stengsel for biltrafikk gjennom gangveg i same område. En del biler bruker i dag gangveien som snarveg til/frå fylkesvegen med den risiko dette medfører.
3. Siktbedring sør for gravplassen. Det er i dag for liten sikt når du kommer frå sør og skal svinge av fylkesvegen og må krysse andre kjørefeltet. Risikoene for kollisjon er stor og kan reduserast ved å fjerne eller senke nivået på øvste del av jordvollen.

03.01.2010 **Statens vegvesen** (forlenga frist grunna sjukdom)

Statens vegvesen setter som alltid pris på at trafikktrygging er på dagsorden i kommunen. Rulleringsarbeidet med trafikktryggingsplanen er også eit svært viktig trafikktryggingsarbeid i seg sjølv. Vi ønskjer at planen vert brukt som eit viktig reiskap i det vidare trafikktryggingsarbeidet i kommunen.

Vi har følgjande merknader til høyringsutkastet:

Planarbeidet:

Når det gjeld planprosess, oppbygging og innhald i planen, har ein som i førre plan hovudsakleg følgt Statens vegvesens handbok nr.209 om kommunale trafikktryggingsplanar. Trafikktryggingsarbeidet har fått sin politiske forankring og det går også klart fram kven som har hatt det overordna ansvaret for utarbeidinga av planen. Initiativet frå kommunen om å hente innspel frå innbyggjarane er verdifullt i planarbeidet og kan gi eit viktig grunnlag for prioritering av trafikktryggingstiltak.

Evaluering av førre plan frå 2004:

Når det gjeld eksisterande plan har ein lista opp kva som vart utført av fysiske tiltak på fylkes- og kommunevegane i perioden 2004 – 2010. Vi saknar status for åferdsendrande tiltak og tiltak langs riksveg. Kommunen har gjennom denne opplistinga fått med eit sentralt kapittel i

rulleringsarbeidet. Ved å plotte inn på kart utførte tiltak med gitt referanse frå eksisterande plan, vil statusen bli lettare å lese. Kor stor gjennomføringsprosent har kommunen oppnådd i perioden? Vurdering av ønska effekt av gjennomførte tiltak kan gjerne kommenterast under evalueringa.

Ulykkessituasjonen i Giske kommune:

Kap.4 tek føre seg ulykkessituasjonen i Giske kommune. Ein viktig del av dette kapittelet er å få oppdatert det statistiske grunnlagsmaterialet. I tillegg til ulykkessituasjonen på vegnettet i kommunen bør ein også ha oversikt over kva punkt ulykkene har funne stad. Ei oppdatert ulukkesanalyse bør også stå som tiltak i planen.

Visjon og mål for trafikktryggingsarbeidet i Giske:

Trafikktryggingsplanens kap. 2 har ein klar visjon med prioriterte satsingsområder. Tiltak for å nå måla er også klart definert.

Handlingsprogram (2010 – 2022):

I revidert handlingsprogram, kap. 5 ”Tiltak”, har kommunen sett opp i oversiktlege tabellar fysiske strakstiltak, langsiktige fysiske tiltak og tiltak langs riksveg. Åtferdsendrande tiltak har ein teke føre seg i kap. 5.11 og 5.12. i tillegg til mange gode trafikktryggingstiltak, har ein også under dei fysiske tiltaka fått med ei informativ tidfesting på når dei ulike tiltaka skal kunne vere sluttført og kostnadane.

For dei tiltaka Statens vegvesen står ansvarleg for å gjennomføre, stiller vi oss positive til å arbeide for å prioritere dei tiltaka, men vi gjer merksam på investeringstiltaka må inn på Handlingsprogrammet for at vi skal kunne gjennomføre dei. Tiltak som går på fartsreduksjon og anna type skilting vert vurdert og handsama etter vegtrafikklova, skiltforskrifta og skiltnormalen når vi får ein direkte søknad.

Administrative og budsjettmessige konsekvensar:

For å sikre eit best mogleg og kontinuerleg trafikktryggingsarbeid, bør kommunen sitt årlege arbeid med økonomi og budsjett innarbeide kostnadane og administrative konsekvensar for gjennomføring av tiltaka. Statens vegvesen ser det som mest oversiktleg at ein i kap. 6 viser ein økonomi og framdriftsplan for planperioden (4 år). Oppsettet bør vise total kostnad for gjennomføring av prioriterte tiltak, kva kommunen sin del av finansieringa vert og storleiken på ev. tilskott.

Andre kommentarar:

Statens vegvesen vil gi ros til Giske kommune for å ha kome godt i gang med rulleringa av trafikktryggingsplanen. Vi takker for godt samarbeid og ynskjer lykke til med det vidare trafikktryggingsarbeidet i kommunen.

22.12.2010

FAU ved Valderøy Barneskule og Skjøn Skule.

- Nedsett fartsgrense på Øvstevegen frå Sima til rådhuset. Gjerde / fysisk skille mellom bilveg og gangveg. Opphøya gangfelt på kryssingspunktene.
- Gang og sykkelsti over fjellet mellom Skjøn og Søre skaret.
- Den nye vegen med gang og sykkelveg, som kommer bak Øysenteret (sentrumsvegen), prioriteres og ferdigstilles før den nye skulen er ferdig.
- Gang og sykkelveg på vestsida av bedehusbakken forlenges til

Øvstevegen, for å hindre fleire kryssingspunkt. Her er det og viktig med fysisk skille mellom bilveg og gangveg.

- Nedsett fartsgrense, 40 km/t, på fylkesveg 131 får og med Grovenkrysset og til Gjert, med opphøyde gangfelt på kryssingspunkt.
- Nedsett fartsgrense, 40 km/t, på fylkesveg 131 fra bakketopp på Ytterland til Trollhaugen.
- Utvide busslommer ved Midtre Skjong.

Vi ber om at disse punkta vert innarbeide i trafikktryggingsplanen.

Vi ønsker også haldningskampanjer, og generell tilrettelegging for god trafikkultur.

22.12.2010 mann, Valderøya

Fylkesveien fra krysset ved hurtigbåtkaia og til rundkjøringa på Ytterland utvides i bredde slik at der blir to fulle kjørebaner med gul stripe mellom. Dette er snart den mest trafikkerte veien i hele kommunen, store og små biler frem og tilbake hele tiden. Selv om der er opparbeidet gang og sykkelvei langs hele veien hender det allikevel at både fotgjengere og sykelister er inne på bilveien over korter eller lengre strekker. Dette vil vi nok alltid oppleve, og dermed farlige situasjoner. Det eneste en med sikkerhet kan spå, er at trafikken av biler, fotgjengere og sykelister vil øke etter hvert som utbyggingen på Valderøya går sin gang. Dette er nok ikke bare en enkel sak, men det er desto viktigere at der tas nødvendige grep mens en ennå har anledning til det. Dette er og blir en hovedvei i kommunen, i all fremtid.

For at vi i fremtiden skal ha en veg med nødvendig standard, må dette innarbeides i alle kommunens og fylkets planer som berøres.

26.11.2010 Norges handikapforbund Giske

NHF Giske mener det må understrekkes at holdeplasser utformes i henhold til Universell utforming. Dette for å sikre tilpasning mellom kommende busser med tilgang for alle og holdeplassene.

Mottekne merknadar etter høyringsperioden:

29.03.2011 kvinne Valderøya ønskjer gangfelt og redusert fart ved Jangardsøyra.

På grunnlag av busetnad og regulert friområde ved sjøen som er mykje brukt av barnehagar og andre, ønskja det tryggare kryssing av fylkesveg 131.

15.04.2011 Godøy Nærmiljøutval ønskjer gang-/sykkelveg frå Midtbø handel til bedehuset. Dei meiner det er behov for utskifting av vassleidning og framføring av kablar på same strekning.

09.09.2011 innspel frå Runa Godøy Sæther:

Valkvæ:

1. Busslomme ved kiosken for å unngå farlege forbikjøringar
2. Sikring av høg vegkant ved nedkjøring til kiosken
3. Snuplass på gamal fylkesveg ved bensinstasjon
4. Fullføring eller fjerning av påbegynt gangveg forbi bensinstasjonen
5. Grøftekant og kommunal tomt må stellast slik at ikkje gras og buskas hindrar sikt

Vigra:

1. Opprydding i gang-/sykkeltrafikk og parkeringstilhøve ved Vigra skule
2. Tydeleg skilting om skuleborn i begge retningar
3. Kulverten under rullebana manglar drenering og er därleg belyst.
4. Gang-/sykkelveg sør for flyplassen manglar tilførselsveg for busette langs riksvegen. Dei må krysse veggrøfta for å kome opp på vegen.
5. Gang- og sykkelisti vidare til Ytterland manglar. Vegen er sterkt trafikkert.
6. Forbikjøringsfelt på riksvegen ved vegkryssa ved Subsea7 og ved Gjøsundneset.

Giske:

1. Ønske om gang-/sykkelveg frå Ytterland til rundkjøring på Giske
2. Smal veg med därleg sikt i svingen ved Mjelthaugen. Fareskilt.
3. Djupe grøfter langs Skulevegen gjer det vanskeleg for gåande når det kjem bilar.

Ønske om fotgjengarfelt over kryssande sidevegar på gang-/sykkelvegstrekninga.

ELD-028/10 VEDTAK:

Eldrerådet kjem med følgjande råd:

1. Under "tiltak" som nemnd i planen burde ein ta med at ein treng autovern i krysset ved Valderøy barneskule, på toppen av bakken; i hjørnet som vender mot kyrkja sin parkeringsplass.
2. Likeins når ein kører forbi kyrkja mot det nye omsorgssenteret; i svingen ved kyrkjegården ved den høge kanten rett bak bustadane opp mot vegen, burde det også vere autovern.
3. Før ein kjem til flyplassen på Vigra burde det settast opp eit "førevarselskilt"! Det same burde det også vere FØR ein kjem til avkjørsle til Sub Sea 7.
4. Gang- og sykkelveg frå Ytterland og over bru til rundkjøringa!
5. Forslag til envegskjøring på Kamsdalsvegen og Ådalsvegen på Godøya. Desse vegane er svært smale og gjer det farleg å rygge i mørke eller på glatte vegar.
6. Burde lage til gang- og sykkelisti frå Leitebakk og utover heile Godøyvegen.

Relevante innspel mottekne i høyringsperioden er tatt med i tiltakslista i planen.